

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

**Marthe Hammer (SV)** stilte spørsmål om ho var inhabil, då ektefellen er medeigar i eit selskap som har fått midlar frå fondet.

Representanten gjekk frå under behandlinga om habilitet.

Fylkestinget vedtok samrøystes at representanten Marthe Hammer ikkje var inhabil.

Representanten tiltredde behandlinga av saka.

### **Røysting**

Innstillinga var samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkestinget godkjenner årsrapporten frå Regionalt forskingsfond Vestlandet for 2018.